



**GOL OG HEMSEDAL**

# Kyrkjeblad

Nr. 2 Påske 2009 - 60. årgang

---

## Innhald:

Side 2 : Konfirmasjoner-min salme Side 3: Skatt i tørketida  
Side 4: Takk for meg -Soknerådsva Side 5: 0-18 hjørnet  
Side 6- 7: Utdrag årsmeldingar Side 7: Englar i Hemsedal  
Side 8-9: Med Guds ord på scena Side 10: Kunngjeringar  
Side 11: Velkomen til kyrkje. Side 12: Med pokalen i sikte



*Kristne frå Frankrike går gjennom Via Dolorosa i Jesu fotspor.  
Foto: Kjetil Storebråten, i Jerusalem mars 2009*

## KONFIRMASJON I HERAD, GOL OG HEMSEDAL

Det blir som tidligere år to konfirmasjonsgudstjenester i Gol og Hemsedal slik at alle gjester og andre som vil være med i kirka denne dagen får plass. Vi ønsker konfirmanter med familie, faddere og gjester til lykke med dagen Vi håper at mange vil være med på konfirmasjonsgudstjenestene

### KONFIRMASJON HERAD

**3.MAI 2009 KL.11.00**

CAMILLA SANDO BJØRNSEN

TONJE LEIKANGER

LISE MYRVOLLEN

MARIT SYNNOVE NERGÅRD

ANIKKEN THOMASSEN NORHAUG

BJØRG-EVA PINLØKKEN

NYBORG

HEGE NYMOEN

RONJA SÆTHER RISDAL

CHARLOTTE WALAN

THOMAS EVJEN

HENRIK OSKAR HOVIND

PETTER JORDE

KRISTOFFER RESE MAGNETUN

ARNE STOREBRAATEN

### KONFIRMASJON GOL KYRKJE 10.MAI 2009

**KL.10.00:**

JOHN MARTIN TRANDHEIM ASKE

KRISTIAN BAKKO

SONDRE LAUVDOKKEN HAGEN

TOMMY HAUGEN

KNUT ARNE GJERDEN LYBEKK

OLE - KRISTIAN RESE

ANDERS STAKE

TORGEIR VIKANE STEMVERK

HILDE BUENE

MARTINE NORHAUG

CARLSTRAND

FRIDA GRØNSETH

RENATE GURIGARD

LIV MARIT LIEN

BIRGITTE SORTEBRÅTEN

VILDE KJETILSDOTTER

STOREBRÅTEN

SIRI VESTENFOR

HELENE ØYNEBRÅTEN

**KL.12.00:**

TOR MARTIN BAKKEN

HENRIK JALLEN HAGEN

STIAN A. HAUGEN

EIVIND DRAGESET HAUGEN

KRISTIAN BJERKE HAUGSTAD

OLE HENRIK HAMMERSTAD

MØLLEVOLD

SIMEN STØBAKK NIBSTAD

STIAN ANDRÈ RUST

SUNNIVA HAGEN

CAROLINE SKREDDERBERGET

HAUG

FRIDA HEFTE

MIA FLÅTA NESS

EVELYN BØRSHEIM RINGEN

HEGE CECILIE SETERSTØEN

JULIE ANETT SPANGEBU

MALIN HERNEBÅCK SÆTHER

### KONFIRMASJON HEMSEDAL KYRKJE 31.MAI 2009

**KL.10.00:**

VILDE DOKK

MAILINN GRØV

MARTE MESTVEDTHAGEN

CELINE SOFIE NYTVEDT

SANDER NYMOEN EIKRE

JOAKIM ELLSETH

EIRIK FIKKE

DANIEL HALBJØRHHUS

OLE SOLLIEN HULBAK

ÅSMUND SELTE JORDHEIM

FREDRIK KVERNBERG

GRØNDALEN

MIKKEL MARIUS MINDEGÅRD

JOSTEIN VENÅS

**KL.12.00:**

VICTORIA FOLLESØ

SOLVEIG BÆKKEN HEFTE

INGVILD HAUGO

ELI KRISTIN HUSO

SONDRE ELIAS ELIASSEN

LARS ERIK EMBRE

EMIL FOSSEN

ASBJØRN HORNET

SIGURD BAKKE JENSEN

SIVERT KIRKEBØEN

KJETIL LIEN

NILS ANDREAS SMITH - ERICHSEN

TOR SVARE

KRISTOFFER ØSTLIE SÆTHER

VEMUND AALSTVEIT WILSON

## Min salme



Ein svært blid og lungn kar tok seg tid til ein liten prat i sin travle kvardag. Som bonde, varaordførar, begravningsbyrådrivar o.s.v. so har han nok å henga fingrane i. Karen er Olav Støyten i Hemsedal.

Ein artist han tykjar mykje om er Bjørn Eidsvåg, då han har mange gode tekstar og tonar.

Salmen han har valgt seg er: "Eg ser".

Det er en sterk song som har mykje trøst og håp i seg. Gud fjernar ikkje alle problem, men han er med oss og slepp oss ikkje.

*Eg ser*

*Eg ser at du e trøtt,*

*men eg kan ikkje gå alle skrittå for deg.*

*Du må gå de sjøl,*

*Men eg vil gå de med deg.*

*Eg vil gå de med deg.*

*Eg har gjort død til liv for deg.*

*Eg har gjort død til liv for deg.*

*Eg ser du har det vondt,*

*men eg kan ikkje grina alle tårene for deg*

*Du må grina de sjøl,*

*men eg vil grina med deg.*

*Eg vil grina med deg.*

*Eg ser du vil gi opp,*

*men eg kan ikkje leva livet for deg*

*Du må leva det sjøl,*

*men eg vil leva med deg.*

*Eg vil leva med deg.*

*Eg ser at du e redd,*

*men eg kan ikkje gå i døden for deg*

*Du må smaka han sjøl,*

*men eg gjer liv til død for deg*

*Eg har gjort død til liv for deg.*

*Eg har gjort død til liv for deg.*

*Toril*



## GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året  
Utgevar: Sokneråda i Gol og Hemsedal prestegjeld  
Redaksjon: Kjell Slåtten, Kåre Olav Solhjell,  
Toril Østby, Kjetil Th. Storebråten  
Jan Olav Skinnemoen  
Rune Abrahamsen (red.)  
Ekspedisjon: Kyrkjekontoret 3550 Gol  
Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.  
Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097  
E-post: kyrkjebladet@hemsedal.kommune.no

### Skatt i tørketida

*Midt i Brasils tørraste og brunaste område, heilt nordaust i landet, finst ein grøn oase. På garden til Alines familie har dei ein skatt som sikrar dei vatn sjølv i tørketida.*

*Aline (18) bur saman med broren Hamilton (15) og foreldra på ein liten gard i delstaten Pernambuco i Nordaust-Brasil. Området dei bur i vert kalla "Den store tørke". Og det med god grunn. I dei lange, tørre sommarmånadane er landskapet brunsvidd og knusktørt. Dei siste åra har tørka blitt endå verre på grunn av klimaendringane. Men garden til Alines familie er frodig og grøn. Like utanfor husveggen har dei nemleg ei vatncisterne som hjelper dei å klare seg gjennom tørketida.*

*- For meg er denne cisterna ein skatt, seier litlebror Hamilton med eit stort smil. Familien har fått støtte til å byggje cisterna gjennom Kirkens Nødhjelps lokale partnerorganisasjon, Diaconia.*

*Regnvatnet vert samla i cisterna som kan romme heile 16 000 liter vatn. Og når sommaren kjem med steikande sol og tørke, kan familien både drikke vatnet og bruke det til å vatne jorda slik at plantar og tre overlever.*

*- Før måtte mamma dra inn til byen for å skaffe drikkevatt, men no har alt blitt så mykje enklare, seier Aline. Den unge jenta fortel at ho tidlegare hadde helseproblem fordi vatnet dei fekk tak i ikkje var reint. Problema forsvann med cisterna, som held skitt og støv ute og beskyttar vatnet mot sol og fordamping. Sender SOS til Noreg*

*Det er verdas fattige som vert hardast ramma av klimaendringane. Cisterna og andre vatnsamlingssystem kan sikre folk det vatnet dei treng, og det blir mogleg å drive jordbruk sjølv i tørre område. Likevel er Aline og Hamilton bekymra for framtida.*

*I 2009 setter Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon "SOS frå sør" fokus på korleis fattige menneske blir råka av klimaendringane. Gjennom å støtte Kirkens Nødhjelps fasteaksjon, kan du hjelpe menneske så dei kan stå sterkare når tørkeperiodane blir stadig meir ekstreme. 35.000 bøsseberarar over heile landet viser tysdag 31. mars sitt engasjement. I Gol, Herad og Hemsedal vil konfirmantane komme rundt med bosser, og samle inn frå kl.18.00. Ta vel imot dei!*



## GOL OG HEMSEDAL PRESTEGJELD

**GOL KYRKJEKONTOR,**  
Gol kommunehus 3. etg.:  
Tlf: 32 02 90 00 fax: 32 02 90 10  
E- post: kyrkja@gol.kommune.no

**Kyrkjevevjerje: Berit Rustberggard**  
Kontortid: Måndag-torsdag kl. 09.00-15.00  
berit.rustberggard@gol.kommune.no  
Mobil: 93 64 56 13

**Sokneprest: Jan Olav Skinnemoen**  
Kontortid:  
Onsdag og fredag kl. 09.00-11.00  
Bustad: 32 07 40 02  
jan.olav.skinnemoen@gol.kommune.no  
Måndag: fridag.

**Soknediakon: Ingrid Økesveen**  
Kontortid:  
Onsdag og fredag kl. 09.00-11.00.  
ingrid.oekesveen@gol.kommune.no

**Organist: Maija Pelece**  
Kontortid:  
Tysdag og fredag 09.00-11.00  
maija.pelece@gol.kommune.no

**Sekretær: Berit Langehaug**  
Kontortid:  
Måndag-tysdag-torsdag kl. 09.00-15.00  
berit.langehaug@gol.kommune.no

**Menighetspedagog: Ingrid Stubberud**  
Kontortid Gol: Måndag 12.00-14.00  
Hemsedal: Torsdag 12.00-14.00  
Mobil: 489 59 826  
ingrid.stubberud@gol.kommune.no

**Kyrkjetenar: Arne Braathen.**  
Mobil: 90 13 66 47

**HEMSEDAL KYRKJEKONTOR**  
Hemsedal kommunehus  
Tlf: 31 40 88 00 Fax: 31 40 88 30  
E-post:  
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no

**Kyrkjevevjerje: Rune Abrahamsen**  
Kontortid:  
Måndag og torsdag kl. 10.00-15.00  
Tlf.: 31 40 88 45  
rune.abrahamsen@hemsedal.kommune.no

**Organist: Ingebjørg Solhjell**  
Bustad: 32 07 76 14

Kyrkjetenar: Jesper Sode Hansen  
Tlf.: 93 86 79 67

**Sokneråda:**  
Gol: Leiar: Gro Jordheim  
Bustad: 32 07 55 90  
Mobil: 99 03 43 66  
Herad: Leiar: Anne-Grete Kolsrud Lie  
Bustad: 32 07 43 58  
Hemsedal: Leiar: Alf Erik Solbakken  
Bustad: 32 06 04 66

**Fellesråda:**  
Gol: Leiar: Odd Bjerke  
Hemsedal: Leiar: Alf Erik Solbakken

# Takk for meg -og på gjensyn!

I et halvt år har jeg fått gjøre prestatetjeneste i Gol og Hemsedal. Jeg har opplevd det som en berikende tid å være sammen med dere, enten det nå har vært i sorg eller i glede. Dere har møtt meg med tillit og åpenhet, og jeg synes det har vært fint å få dele Guds ord og Herrens sakramenter med dere rundt om i de tre menighetene. Det drives mye godt kirkelig og kristent arbeid i Gol og Hemsedal, og mitt inderlige ønske er at enda flere golinger og hemsedøler måtte finne veien til kirken når klokkene kaller. Kirkerommet er annerledesrommet, der jord og himmel møtes, og hvor det skjer et under i møte mellom Gud og mennesker. Skal kristentroen få næring og livsvilkår, er vi helt avhengig av å få påfyll gjennom forkynnelse, bønn, lovsang og sakramenter.

Det er noen av dere jeg har blitt bedre kjent med enn andre. Jeg tenker særlig på dere jeg har



møtt i forbindelse med sorg og gravferd. Det er en helt spesiell situasjon, hvor vi kommer tett på livets mangfold og det å være menneske. Ellers har det vært godt å få være sammen om ordet, sangen, vinen og brødet på Bygdaheimen. Likeledes vil jeg takke dere konfirmanter for tiden vi har fått dele. Dere er en fin gjeng ungdommer! En takk også til kirkelige medarbeidere og dere i begravellesbyråene for godt samarbeid.

Nå går jeg tilbake til prestatetjeneste i Valdres prosti, men det kan jo være at det også ved senere anledninger blir behov for vikarhjelp i Gol og Hemsedal, og er jeg ledig kommer jeg gjerne tilbake. Så jeg sier: På gjensyn!

Med varme tanker og ønske om Guds velsignelse for dere alle på veien videre!

Terje Eklund



## Kyrkjeval 2009 i Hemsedal, Gol og Herad

Arbeidet i nominasjonsnemndene er i gang. Det er, eller blir sendt brev til personar som nominasjonskomiteane ynskjer å ha med i soknerådet i den neste perioden. Mange vil også få ein telefon. Vi håper mange ynskjer å stille til val og med det kunne bidra i eit spennande arbeid med å tilretteleggje og utvikle kyrkjeleg arbeid.

Dette valet er samordna med stortingsvalet. Frå og med kommunevalet i 2011 vil kyrkjevalet følgje dette. Såleis er denne valperioden berre på 2 år. Du må vere 18 år for å kunne veljast til sokneråd. Alle som fyller 15 år i 2009 har høve til å stemme ved kyrkjevalet.


Kunne du tenkje deg å stille til val og ikkje har blitt spurt så ta kontakt med kyrkjekontoret. Gol tlf. 3202 9139 eller Hemsedal 3140 8845

## Søndagsskolestevne på Nes søndag 26.april 2009

*Det årlige søndagsskolestevnet i Hallingdal har lange tradisjoner. Ansvar for arrangementet går på rundgang mellom søndagsskoleleane i de enkelte kommunene. I år er turen kommet til Nes. Vi starter med gudstjeneste i Nes kirke kl. 11 og fortsetter med mat og leiker på skolen. Dagen avsluttes med gratiskonsert i kirken kl 14 med Hemsedal Barnegospel m/band, et stort barnekor med ca. 130 medlemmer fra 2. – 7. klasse. Koret har gitt ut 4 CD'er og siste cd'en, "Tenn et lys", kom ut i februar 2007.*

*Vi håper mange fra hele dalen benytter anledningen og kommer til Nes denne dagen.*

## Løys kryssordet og finn byrjiinga på ein bøn.



1. Leit så skal du \_\_\_\_\_
2. \_\_\_\_\_ på, så skal det latast opp
3. Lat namnet \_\_\_\_\_ helgast
4. Ein av disiplane spurde "\_\_\_\_\_, lær oss og be"
5. \_\_\_\_\_ oss frå det vonde
6. Lat \_\_\_\_\_ din råda på jorda
7. Gjev oss i dag \_\_\_\_\_ daglege brød
8. Lat \_\_\_\_\_ ditt koma

Løysning: 1. finne 2. bank 3. ditt 4. Herre 5. frels 6. vilje 7. vårt 8. rike

## Rehabilitering Herad kyrkje

Rett etter påske startar vi opp arbeidet med å drenere rundt kyrkja. Kjellartrappa blir tatt bort. Vi lager ny inngang frå parkeringsplass. Toalettet blir rusta opp til handicapstandard. I tillegg har Herad sokneråd og kyrkjeleg fellestråd vedtatt å grave seg vidare inn under kyrkja for å få meir areal i kjellaren. Dette arealet skal bli til bårerom, samt teknisk rom. Det er ei viss spenning knytta til arbeidet, då kyrkja står på ein elvesteinsgrunn.

Såleis må utgraving og fundamentering skje parallelt.

I samband med dette har sokneråd og fellestråd vidare vedtatt at pipene kan rivast. Det er lite truleg at det blir vedfyrte kyrkje att. Vi eliminerer også eitt lekkasjepunkt i taket. Dette er spennande arbeid, og det ser ut til å bli eit kjempeflott bårerom i Herad!!

Det blir sett opp prøvefarger på kyrkjeveggen. Mokka brun tjære er foreslått, då vil kyrkja bli tilbakeført til slik ho var som ny.

Soknerådet skal bestemme kontrastfarge til vindauger etc.

### Gol kyrkje

Taktekking og måling er planlagt utvendig dette året. Har vore lyst ut etter reglar om kjøp i offentleg sektor. Varmeomnar blir skifta så snart fyringssesongen er over.

I samband med  
**Folkemusikkveka**  
**Konsert i Gol kyrkje**  
 tysdag 19. mai kl. 20.00  
**HIMMELSKIP**  
 Med Iver Kleive (orgel)  
 Knut Reiersrud (gitar)  
 Bill. 190,-

### NESTE KYRKJEBLAD

Nr 3/2009 kjem ut rundt 15. juni

Stoff sender ein

til: Kyrkjebladet,

Gol kommunehus, 3550 Gol

innan 25. mai

Nr4/2009 kjem ut rundt 31. aug.

# Utdrag frå årsmelding Herad sokneråd 2008

Kyrkjeleg årsstatistikk:

Døypte: 12

Konfirmerte: 11

Tal på vigslar: 3

Tal på gravferder: 11

Tal på gudstenester: 30

Det har delteke totalt 2212 på gudtenester i 2008.

Kollekt: kr. 44.148. Av dette går kr. 14.399 til kyrkjelydsarbeid. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, fekk inn kr 10.054 i Herad sokn.

Soknerådet i arbeid.

Soknerådet har hatt 7 møter og behandla 53 saker.


Soknerådet har arrangert og arbeidd med desse sakene:

- Årsmøte/årsfest m/kyrkjekaffe 10. februar
- Dåpsopplæringsprogrammet for Halligdal prosti
- Dugnad på kyrkjegarden
- Konfirmasjon og konfirmasjonsfesten på Gol bedehus
- Gol og Herad har laget internett sider
- Sommaråpen kyrkje i juli 2008
- Avskjedsgudstjeneste med kyrkjekaffe for sokneprest Knut Skjeldal

- Teppene i våpenhuset ble bytta ut
- Bispevisitas 10. – 14. september
- Kjøpt inn kyrkjegardsvogn
- Barnekrok i Gol kyrkje
- Bytta av kyrkjebenk for å få betre plass til bevegelseshemmede

På vegne av Herad sokneråd vil eg takke alle tilsette i kyrkja og alle frivillige medarbeidarar samt Gol sokneråd og Gol kommune for eit godt samarbeid i 2007.

Anne Grete Kolsrud Lie



---

# Utdrag frå årsmelding for Hemsedal Sokneråd 2008

Kyrkjeleg årsstatistikk:

Døypte: 16

Konfirmerte: 21

Tal på vigslar: 18

Tal på gravferder: 15

Tal på gudstenester: 46

Det har delteke totalt 4913 på gudstenester i 2008.

Kollekt: kr. 118.498 inkl fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Av dette går kr. 26.234 til kyrkjelydsarbeid.

Soknerådet i arbeid.

Soknerådet har hatt 4 møter og behandla 30 saker.

Soknerådet har arrangert og arbeidd med desse sakene:

- Visjon og strategi
- Førebuing og gjennomføring av bispevisitas 10 – 14. september
- Avslutning for Knut Skjeldal
- Utlysning og uttale i samband med tilsetting av ny sokneprest i Hemsedal
- Etske retningslinjer for tilsette og folkevalte
- Diskusjon rundt gudstenestereform, ny plan for diakoni og ny salmebok
- Markering av Jan Fredrik og Liv Raastad
- Førebuing til kyrkjeval 2009

Ope hus er eit viktig og flott arbeid i kyrkjelyden. Ein spesiell takk til Jorunn, Borghild, Liv og ikkje minst Olaug for det arbeidet de legg ned i dette. Me vil få takke kvar einiskild av dykk som på sin måte støttar opp om arbeidet i kyrkjelyden. Takk til dei som sittar i soknerådet. Dere er ein engasjert og fin gjeng å samarbeide med.

Takk og til staben i Hemsedal kyrkjelyd som har ein veldig stor betydning for det som skjer i og rundt kyrkja. En spesiell takk til Rune som har hatt eit stort ansvar i denne perioden som vi ikkje har hatt fast sokneprest og kyrkjetenar. Takk til Tone som har vært vikar for Olga som kyrkjelydspedagog. Takk og til Terje Eklund som har vært vikarprest etter at Knut slutta 31. juli.

Alf Erik Solbakken



# Utdrag frå årsmelding for Gol sokneråd 2008

Kyrkjeleg årsstatistikk:

Døypte: 25

Konfirmerte: 30

Tal på vigslar: 15

Tal på gravferder: 49

Tal på gudstenester: 49

Det har delteke totalt 4478 på gudstenester i 2008.

Kollekt: kr. 88.281. Av dette går kr. 22.267 til kyrkjelydsarbeid. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, fekk inn kr 27.964 i Gol sokn.

Soknerådet i arbeid.

Soknerådet har hatt 7 møter og drøfta 57 saker.

Soknerådet har arrangert og arbeidd med desse sakene:

- Årsmøtet for kyrkjelyden var etter gudstenesta den 2. mars i kyrkja
- Kyrkja hadde ansvar for Fellesmøteveka i år
- Kyrkjelyden sin skitur
- Fest for konfirmantar med familiar
- Avskjedsfest for Knut Skjeldal i Gol kyrkje
- Uttale om sokneprestestillinga i Hemsedal
- Bispevisitasen i Gol og Hemsedal prestegjeld 10 – 14. september
- Gudstenestereforma i Den norske kyrkja

I august 2008 slutta Knut Skjeldal som prest i Gol og Hemsedal prestegjeld. Ein god medarbeider for soknepresten, og ein god prest for kyrkjelydane har byrja i ny stilling i Vestfold. Vi takkar Knut Skjeldal for arbeidet han har utført! Audun Haugeplass slutta i stillinga som organist i oktober. Takk til Audun for stor kreativitet i same kva slags forum han er i. Ny organist er Maija Pelece. Ho byrja i stillinga 1. november, og vi ynskjer ho hjarteleg velkomen hit til Gol! Olav Garthus har takka for seg som klokkar i Gol kyrkje gjennom mange år. Takk for trufast arbeid!

Til slutt vil eg få takke alle for alle frivillige i kyrkjelydsarbeidet. Det står stor respekt av det arbeidet de utfører! Takk til soknerådsmedlemmene og soknepresten, og takk for all hjelp på kyrkjekontoret i året 2008!

Gro Jordheim



## Englar i Hemsedal

Kyrkja i Hemsedal har ein engel midt under taket og to i korbogen. Englane kom på plass under restaureringa i 1956 og høyrer ikkje med til kyrkja sitt opphavlege utstyr. Forslaget til dekorasjonar og fargeval var laga av arkitekt Arnstein Arneberg. Han var kjent som ein av landets fremste arkitektur. Han teikna til dømes Oslo Rådhus, og han har utforma salen til Sikkerhetsrådet i New York. Målararbeidet i Hemsedal var utført av Alfred Ødegård frå Torpo.

Englane i korbogen er bodberarar, og står ikkje sjølve i sentrum. Bodskapen står i midten. Lammet er eit bilde på Jesus. Det var døyparen Johannes som peika på Jesus og sa ”Sjå, der er Guds lam, som ber verdsens synd!” Jesus som Guds lam står også sentralt i påskebodskapen og dannar grunnlaget for nattverdmåltidet.

I kyrkjekunsten er lammet stundom framstilt saman med eit kors. Då er meininga å vise Jesu lidning og død. Her ber lammet ein sigersfaner



og uttrykker den triumferande og sigrande Kristus. Sigersmotivet er også understreka med ei krone på toppen av skjoldet.

Den bodskapen englane kjem med til kyrkjelyden i Hemsedal, er den

same som vi syng i påskesalmen:  
”Åpen har jeg himlen funnet, Jesus vant og jeg har vunnet!”

Tekst og foto: Kåre Olav Solhjell

# Med Guds ord på scena

På Gol Bedehus står ein mann og ser bestemt ut over salen. Med høg røyst byd han folk om å venda om. Ein augneblink seinare svingar han eit tøyestykke over hovudet, og ligg på golvet oppå to kasser. Den som kikkar inn kan nok lure på kva som foregår, men forklaringa er enkel. Sigurd Dahle (58) frå Ål øver på framføringa av evangeliet etter Lukas. Nederst i salen sit Instruktør Jørn Riegel Vimpel frå Hallingdal teaterverkstad og gir gode råd om bevegelsar, koreografi og andre verkemiddel. På sida står det to lerret som syner bilete frå Israel. Alt for at teksten skal bli så levande som mogeleg når forestillinga skal synas for publikum denne våren.

## Bibeltekstar som teater

Dahle har i mange år lært seg bibeltekstar på rams. Time etter time, dag ut og dag inn puggar han bibelvers. No har han lært over halvparten av teksten.

Men kvifor lærer nokon seg store delar av Lukasevangeliet utanat?

I 2003 traff Sigurd Dahle skodepelaren Svein Tindberg, og fekk den nye bibelomsetjinga frå Det Norske Bibelselskap av Lukasevangeliet. Tindberg, som då hadde reist land og strand rundt med forestillinga ”Markus evangeliet” ga Sigurd ei utfordring: No skal me sjå kven som lærer seg Lukas fyrst av oss to.

Då tenkte eg, seier Sigurd, at berre eg står på, så skal eg nok rekke å læra meg Lukas utanat.

Og i slutten av 2003 begynte han så smått å smake på teksta, og pugge litt av den. Sida Lukasevangeliet er langt, og dette skal bli framført på ei scene, bestemte han seg for å læra omtrent halvparten av teksten.


For å få hjelp til å velge ut tekstane tok han kontakt med Prost Øystein Magelssen på Ål.

Han fann fram til dei delene av teksten som er spesielle for Lukas, og sette tekstane saman i ein heilheit.

Men eg sette eit krav, seier Sigurd Dahle. Heile påsketeksten måtte vera fullstendig.

Eg ser på påska som juvelen i mi forteljning, særleg påskedagen.

Teksten eg har streva mest med er langfredagsteksten,



Sigurd Dahle er Født i Isfjorden i Romsdal og har røter frå Hemsedal. Farslekta flytta frå Hemsedal til Romsdalen i 1824 og heitte Brandvold.

den er så sterk at eg opplevde det vanskeleg å framføra den.

Men så les eg i Apostelgjerningane om Peter som sa: ”gå og still dykk opp på tempelplassen og forkynn for folket heile bodskapen om livet” Då eg hadde lese dette var det greitt. Då kunne også eg framføre langfredagsbodskapen.

Sigurd er godt i gang med øvingane på Gol Bedehus. Då han trefte Svein Tindberg i februar i år, hadde han ikkje begynt på Lukas enno, så Sigurd ser ut til å vinna den uhøgtidlege utfordringa om å læra seg teksten fyrst.

## Starta med ”Seterjentens søndag”

Kva er grunnen til at du begynte å læra deg tekstar utanat?

Det starta etter att eg var ferdig på Lanbrukshøgskulen, fortel Dahle. Då lærte eg meg ”Seterjentens søndag” i konkurranse med ein annan student.

Etter dette lærte eg meg nokre dikt. Vener og kjente likte desse framføringane mine. Etter kvart vart det slik at folk forventet at eg skulle ha lært meg noko utanat, og i festleg lag og på venetreff vart dette eit populært innslag.

Det har vore mykje motivasjon i at folk hugsar det eg har framført. Mange år etter at eg har framført noko kjem folk og seier til dømes: eg hugsar det diktet du framførte på Nysstølkyrkja den gongen.

Slike attendemeldingar synes eg er triveleg å få, seier Sigurd. Så kom tanken:

kva om eg begynner med bibeltekstar? Tru om folk vil hugse det slik dei hugsar dikta mine?

Etterkvart har eg lært meg mange bibeltekstar, og kan framføre berre nokre vers eller heile forteljingar og

kapittel. Det å få framføra bibeltekstane i kyrkjerommet er nok det eg likar best, men eg har framført tekstene mange andre stader også.

Var du ein som kunne alle salmevers og dikt på rams då du vaks opp?  
Nei det begrensa seg til å læra salmen "Den store hvite flokk" smiler Sigurd.

### **Pugging og teknikk**

Kva slags teknikk nyttar du når du skal lære deg heile evangelium?

Eg prøver å sjå for meg sidene oppe i hovudet som bilete. Men det går uendeleg lang tid, eg puggar om att og om att til det kjedsommelege, forklarar Sigurd. Men eg har oppdaga at evna til å repetere tekstar eg har framført før er stor. Så når eg skal framføra for eksempel fortellinga "En Julaften" av Welhaven, treng eg berre om lag ei veke på å få den inn att sjøl om det er gått mange år sidan sist.

Opplever du at du er ein evangelist og forkynnar?

Eg er utruleg fenga av å formidla Bibelens ord muntleg, og det gjev meg sjølv veldig mykje å framføra det. Når eg jobbar med Bibelen så har den nokre fingeravtrykk frå Gud som ligg der, som gjer at det blir heilt spesielt, forklarar Sigurd. Slik er det ikkje med anna litteratur. Når eg står på scena prøvar eg å skapa eit bilete for tilhøraren som han kan sjå at eg er inni. På den måten vonar eg at teksten kan forklarast for den som høyrer og ser meg på scena. Ja, eg er vel på mange måtar ein evangelist.

Med Sigurds sterke tilknytning til kyrkja er det difor naturleg å framføre stykket fyrste gong på pinsedag, kyrkjjas fødselsdag. Då kan eg pakka ut og opna evangeliet for folket, seier Sigurd.

### **Nye virkemidler i forestillinga**

Sigurd har satsa på å bruke fleire virkemiddel i framføringa si denne gongen.

Han nyttar musikk, bilete og film samt nokre rekvisittar.

Han har også ein ny instruktør, Jørn Riegel Vimpel frå Hallingdal Teaterverkstad

Og kva synes du om dette?

Det er nytt med bilder og rekvisittar, men eg opplever det som ein framgang for meg sjøl som formidlar å ta i bruk



fleire verkemiddel. Det er og spennande å bygge opp ein slik tekst i lag med andre.

Kvifor bør folk komme å høyre evangeliet etter Lukas?

Som Lukas seier det:

"No har eg samla alt i samanheng så du, og du, og du, kan skjøne at det er påliteleg det du er opplært i".

Det vonar eg at folk ynskjer å gjera, avsluttar Sigurd Dahle.

Av Kjetil Th. Storebråten

# Kunngjeringar

## Kirkens Nødhjelp Fasteaksjon Tirsdag 31. mars 2009

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon i 2009 har fått tittelen

”klimaaksjonen SOS fra sør”.

Fra nord og sør kjemper mennesker mot tørke, flom og ekstreme værforhold.

De som har minst rammes mest.

Blir du med i kampen mot klimaendringene?

I Gol, Herad og Hemsedal vil

konfirmantene

komme rundt med bøsser, og samle inn fra kl. 18,00

Ta vel imot bøssebærerne!

## Gol

Vi takkar hjarteleg for pengegåva til kjellaren i Herad kyrkje.

### Dugurdstreff

på Gol bedehus torsdag 2. april og 7. mai kl.11,00, Erindring. Dugurdsmat. Sang og opplesning. Et treff for deg som er godt voksen. Velkommen!

Arr: Diakoniutvalget.

Dugnad på Herad kyrkjegard tysdag 21. april kl. 17.00. Ta med rive. Kaffi og mat v/soknerådet

Dugnad på Gol kyrkjegard måndag 27. april frå kl. 17.00. Ta gjerne med rive. Kaffi og mat v/soknerådet

### Åpent hus

på Gol bedehus torsdag 30. april kl.11,00 Andakt, sang og musikk ved Kåre Vølstad. Han vil forteller litt fra gamle dager som reisende forkynner. Kollekt. Bevertning.

### Åpent hus

Torsdag 28. mai kl.11,00 Andakt ved Jan Olav Skinnemoen. Underholdning. Kollekt. Bevertning. Velkommen! Arr: Diakoniutvalget.

### Torsdagstreff

Flerkulturelle treff for kvinner på Helselagstugu torsdag 23. april. Tema: Eventyr og sagn fra mange land ved Tonje Kopstad.

Tur til Røde Kors-hytta lørdag 6. juni. Påmelding til Ingrid Ø eller Gunhild S. Arr: Gol Røde Kors, Diakoniutvalget og Helselaget.

## Konfirmasjon i Gol kyrkje

Det har vore vanskelig å administrere ordninga med innlevering av telegram og gåver i Gol kyrkje på konfirmasjonsdagen. Gol sokneråd har derfor vedtatt at det blir slutt på denne ordninga.

Soknerådet har vidare vedtatt at kyrkja skal vere open i tidsrommet 11- 14.00 laurdagen før konfirmasjonsdagen. Då blir det hengt opp poser med namn til alle konfirmantane. Den som ønskjer å levere telegram til ein eller fleire konfirmantar må sortere direkte i posane sjølve.

Det vil vere folk frå kyrkja og/eller soknerådet til stades. Den enkelte konfirmant må hente sin pose innan kl. 14.00 laurdag, og vise legitimasjon ved henting. Den som ikkje har høve til å hente posen sin må si frå til kyrkjekontoret. Då vil det ikkje bli hengt opp pose til den eller dei. Sokneråd eller tilsette kan ikkje ta ansvar for oppbevaring over natta, derfor er vi avhengig av at posane blir henta.

## Døypte

### Hemsedal Kyrkje

25.01.09 Mie Natvig Intelhus  
25.01.09 Thomas Ødegård  
25.01.09 Hedvig Sæther Halbjørhus

08.02.09 Tyra Sjøgren  
(Fjärås kyrkja, Sverige)

### Gol kyrkje:

01.02.09 Philip Magnetun Solberg  
15.02.09 Angelica Jordheim  
01.03.09 Martine Enger Brenna

### Herad kyrkje:

08.02.09 Magnus Steinmoen Lien  
22.02.09 Kewin Pedersen  
22.02.09 Malene Opheim  
22.02.09 Oliver Moe

## Vigde

### Oset kapell:

07.02.09 Mylene Cecilie  
Bergersdotter-Andersson og  
Espen Selvik  
14.03.09 Caroline Hansen og  
Ole Christian Hovind

### Hemsedal Kyrkje

17.01.09 Marit Solum og  
Geir Smaaskjær  
24.01.09 Heidi Bjørndal og  
Eirik Vennerød

14.02.09 Jane Elisabeth Christiansen  
og Øyvind Warp

### Lykkja Kapell

07.02.09 Kristine Lindemann og  
Christian Hartmann

### Harahorn Kapell

07.02.09 Kristine Tomta og  
Anders Møller  
21.02.09 Renate Moe Hvidevold og  
Torstein Gjengedal  
18.02.09 Ann Katrin Øktner og  
Kristian Flem  
07.03.09 Mette Ingebretsen og  
Garath Williams

## Døde

### Hemsedal:

22.01.09 Olav Medgard f. 1948  
16.02.09 Anne-Lise Markegård f. 1954

### Gol:

23.01.09 Ragnhild Åboen f. 1940  
24.01.09 Peter Petersen f. 1937  
25.01.09 Selma Nymoene f. 1933  
27.01.09 Magnus Vik f. 1918  
31.01.09 Øyvind Akersveen f. 1925  
01.02.09 Barbro Kristine Moen f. 1928  
06.02.09 Egil Schar Magnussen f. 1933  
12.02.09 Gudrun A. Rese f. 1921  
16.02.09 Juul Stensrud f. 1921  
23.02.09 Engebret Brennhovd f. 1941  
27.02.09 Ola Bakko f. 1931  
06.03.09 Synnøve Golberg f. 1922

### Herad:

08.03.09 Åse Hoftun Hovland f. 1911  
09.03.09 Barbro Berget Flaget f. 1910

### GOL GRAVFERDSBYRÅ

c/o Bente Andreassen  
Tlf.: 32 07 75 51/mob. 480 23 477

### HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen  
Tlf.: 97 41 41 00

### HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ

Steinar Aa  
Tlf.: 32 08 23 00/mob. 917 06 250

### GRAVSTEINER OG GRAVERING

Kontakt gravferdsbyrået eller  
Roar og Tor Erik Strand 3576 Hol  
Tlf.: 32 08 81 94/mob. 911 65 008

# Velkommen til kyrkje!

**29.mars – 5 s. i. faste**  
GOL KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste. Nattverd.  
Avslutning fellesveka. Skinnemoen. Major  
Marit Skartveit.  
Maxi-minigospel. Takkoffer:  
Fellesmøteveka.  
Skitur til Ingrid Marie Hammerstad

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00  
Gudsteneste. Skinnemoen og prost Vigdis  
Moen Storhaug.  
Innsetjing av Allan Madsen som  
sokneprest.  
Hemsedal barnegospel. Takkoffer:  
Kyrkjelydsarbeidet.  
Kyrkjekaffi på kyrkjestugu.

**5.april – Palmesundag**  
HERAD KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste. Nattverd.  
Takkoffer. Den norske Israelsmisjon

**9.april – Skjærtorsdag**  
LYKKJA KAPELL KL.15.00  
Høgmesse. Nattverd.  
Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt i  
Aserbajdsjan

GOL KYRKJE KL.19.00  
Kveldsmesse. Nattverd. Inger Johanne  
Østby, fløyte  
Takkoffer: Diakoniarbeidet.  
Måltidsfellesskap

**10.april – Langfredag**  
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00  
Pasjonsmesse.

GOL HELSETUN KL.12.00  
Páskeandakt.

HERAD KYRKJE KL.19.00  
Pasjonsmesse.

OSET KAPELL KL.21.30  
Páskeandakt.

**12.april – 1.påskedag**  
GOL KYRKJE KL.11.00  
Høgtidsgudsteneste.  
Takkoffer: Anne Berit Lagsmannsgård sitt  
arbeid i Aust-Timor

LYKKJA KAPELL KL.11.00  
Gudsteneste. V/ prostiprest Narve Braut.  
Takkoffer: Menighetsfakultetet

HEMSEDAL BYGDAHEIM KL.17.30  
Páskeandakt.

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.30  
Høgtidsgudsteneste. Nattverd.  
Takkoffer: KRIK høyfjellssenter

**13.april – 2.påskedag**  
HERAD KYRKJE KL.11.00  
Høgtidsgudsteneste.  
Takkoffer: Sjømannskirken/Norsk kyrkje  
i utlandet

**19.april – 1.s.e.påske**  
GOL KYRKJE KL.19.30  
Thomasmesse. Klubb Nikodemus  
Takkoffer: Barne- og ungdomsarbeidet

**26.april – 2.s.e.påske**  
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste.  
Takkoffer: Normisjon nasjonalt

**28.april – tysdag**  
HERAD KYRKJE KL.19.00  
Samtalegudsteneste. Konfirmantfest

**3.mai – 3.s.e.påske**  
HERAD KYRKJE KL.11.00  
Konfirmasjon.  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.30  
Salmekveld.

**5.mai – tysdag**  
GOL KYRKJE KL.19.00  
Samtalegudsteneste. Konfirmantfest

**10.mai – 4.s.e.påske**  
GOL KYRKJE KL.10 og 12  
Konfirmasjon.  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

**17.mai – torsdag/ 5.s.e.påske**  
HERAD KYRKJE KL.10.00  
Familiegudsteneste.  
Takkoffer: Kirkens familiekontor i  
Hallingdal.

HEMSEDAL KYRKJE KL.10.15  
Familiegudsteneste.  
Takkoffer: Sjømannskirken/Norsk kirke i  
utlandet

**19. mai - tysdag**  
GOL KYRKJE KL. 20.00  
Konsert. "HIMMELSKIP"  
Knut Reiersrud (gitar) Iver Kleive (orgel)

**21.mai - Kristi himmelfartsdag**  
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste. Nattverd.  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

**24.mai – 6.s.e.påske**  
GOL KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste. Nattverd.  
Takkoffer: Norsk søndagsskoleforbund

**26.mai – tysdag**  
HEMSEDAL KYRKJE KL.19.30  
Samtalegudsteneste. Konfirmantfest

**31.mai – 1.pinsedag**  
HEMSEDAL KYRKJE  
KL.10.00 og 12.00  
Konfirmasjon.  
Takkoffer: Barne- og ungdomsarbeidet  
i kyrkjelyden.

GOL KYRKJE KL.11.00  
Høgtidsgudsteneste.  
Takkoffer: Kirkens familiekontor i  
Hallingdal

**1.juni– 2.pinsedag**  
HERAD KYRKJE KL.11.00  
Høgtidsgudsteneste. Nattverd.  
Takkoffer: Fredagsklubben

**7.juni – Treiningssundag**  
GOL STAVKYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste.  
Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja.

**14.juni – 2.s.e.pinse**  
HERAD KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste. Takkoffer: Ung kirkesang

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00  
Familiegudsteneste. 6-åringane deltek.  
Takkoffer: Familie- og samlivssenteret på  
Ål

**21.juni – 3.s.e.pinse**  
GOL KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste. Nattverd. 50-  
årskonfirmantane.  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

**28.juni – 4.s.e.pinse**  
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste Nattverd.  
Takkoffer: Misjonssambandet, Buskerud  
krins

BIBELTEKSTAR ER HENTA FRÅ  
1. TEKSTREKKJE



## Med pokalen i sikte

*Konfirmantcup i innebandy for heile Hallingdal er eit populært tiltak. Nattcupen som turneringa beiter, foregår som namnet seier utover natta.*

*Etter innleiande rundar, som startar i sekstida om kvelden, spelar innebandyturneringa som cup utover kvelden.*

*Og rett før kl eitt om natta går finalen.*

*Vinnarane får med seg ein vandrepokal, som dei får behalda eit heilt år.*

*I fjor var det Gol som drog sigeren i hamn, og gjorde storeslem med både gull og sølv samt 4.plass. Og Golvingane hadde ingen intensjonar om å gje frå seg pokalen vidare.*

### Innebandy og Misjonstivoli

Kvart år er det i tillegg til innebandycup også misjonstivoli.

Der lagar konfirmantane konkurransar med masse ulike aktivitetar, for å samla inn pengar til eit misjonsprosjekt. Her konkurrerast det i beste tivolibod.

Kreativitet og engasjement pregar bodene, med

mange artige aktivitetar. Her kunne du i år mellom anna gjette på antall nonstop i eit glas, og du kunne prøva pilkast på ballongar, eller eta bollar med vinnarlodd inni.

Sjølve turneringa vart i år sett i gong av den nye prosten i Hallingdal, Vigdis Moen Storhaug.

Ho innleia med ei lita andakt før ho starta turneringa med eit velretta slag med ei bandykølle, og ein gullfarga bandyball. Så var turneringa i gong. Innsatsen var upåklageleg og spelarane gav alt for laget.

Under heile turneringa stiller mange konfirmantforeldre opp med hjelp til mat, vakthald, sekretariat for turneringa og som dommarar pluss ein del andre oppgåver.

Utan alle desse frivillige hadde det vore uråd å få til ei slik turnering.

### Misjon og finalar

Kvart år har turneringa besøk frå Det Norske Misjonsselskap (NMS)

I år kom Noro frå Madagaskar, og ho hadde

ein presentasjon om det å vera utvekslingslev i Noreg.

Etter misjonstivoli og presentasjonen frå Madagaskar fortsette innebandyturneringa. Mange spennande kampar seinare var det til slutt att fire lag:

Legger av stÅL og Golden Ål, Nesbyen og Gol. Semifinalen mellom Nesbyen og Gol vart spennande heile vegen. Med 4 -4 etter kampslutt annonserte kampleiar Birger Jorde ekstraomgangar med "sudden death" det vil si fyrste mål vinn.

Etter nokre få minutt sette Nesbyen inn det avgjerande målet, og Gol endte på fjerdeplass i årets turnering. Så der rauk pokalen.

### Storeslem til Ål

Med to ålingslag i finalen var det klart at pokalen ville hamna på Ål det neste året. Men begge Ålingslaga ville vera best, og innsatsen var difor på topp. Det såg ut til å gå mot ekstraomgangar, men i siste minutt drog Ålingslaget "Golden Ål" sigeren i land, og kunne heve pokalen.

Den som vil sjå trofeet kan ta turen innom Prosten i Ål og beundre pokalen eitt heilt år framover.

Misjonstivoliet vann "muffinsjentene" frå Geilo. Muffins med overraskingar inni slo an hjå juryen. Beste heiajeng vart og premiært og cowboyjentene frå Nesbyen gjekk av med sigeren.

Neste år er det ny nattcup, og kanskje stikk ein av dei andre Hallingdalskommunane av med pokalen.

Neste års konfirmantar kan berre begynne å trene for nattcupen er eit av mange høgdepunkt i konfirmanttida.

Tekst og foto: Kjetil Th. Storebråten

